

Forslag MDG

Kommunestyret vedtek å senda følgande svar på høyringa om endringar i plan- og bygningslova - forbod om nedbygging av myr:

Høyringssvar frå Øygarden kommune

Generell tilbakemelding

Myr og våtmarker har ein viktig funksjon når det gjeld opptak og lagring av karbon. I tillegg leverer myra andre viktige økosystemtenester. Vi meiner difor det er positivt at myr får eit sterkare vern gjennom lovverket.

Forslaget legg opp til at Statsforvaltaren skal kunne klaga på planvedtak om å bygga ned myr, også der dei ikkje har kome med motsegn. Dette vil i så tilfelle innebere ei utviding av statsforvaltaren sin klagerett, då dei etter gjeldande regelverk må fremma motsegn for å ha klagerett på planvedtak, jf. pbl. § 1-9 tredje ledd. Sett i samanheng med andre endringar det vert lagt opp til gjennom forslag til forbud om nedbygging av myr, kan det gi inntrykk av at myr er viktigare enn alle andre verdiar som ein skal sikre å verne gjennom ein planprosess. Mellom anna er det ei samanlikning mellom forbod mot nedbygging av myr og forbod mot bygging i strandsona, samtidig som det kan sjå ut til at myr får eit sterkare vern. Til dømes er det i pbl. § 1-8 fjerde ledd gjort unntak frå strandsoneforbudet der kommunen i KPA har tillate oppføring av "nødvendige bygninger, mindre anlegg og opplag som skal tjene til landbruk, reindrift, fiske akvakultur eller ferdsel til sjøs". Slikt unntak er det ikkje forslag om i § 1-8a. Dette kan mellom anna føre til utfordringar for landbruksnæringa, då det vert lagt opp til at dei må gjennom ein reguleringsprosess dersom dei skulle ha behov for oppføring av driftsbygging på myr, også om det berre er delvis myr.

"Bør terskelen for kommunens planskjønn for reguleringsplaner som gjør unntak fra forbudet mot nedbygging av myr være høyere enn ellers, eller bør det følge samme regelverk som ellers, uten krav om klar interesseovervekt?"

Eit slikt krav kan få utilsikta effektar der vi legg sterkare vekt på myr enn på naturtypar som kan vera minst like viktige både lokalt og i eit regionalt perspektiv. Vi meiner at eit forbod mot nedbygging av myr bør følga same regelverk som elles.

"Bør forbudet gjelde all myr, uansett dybde, eller bør det avgrenses til myr dypere enn 30 cm, etter modell av forbudet mot nydyrking av myr?"

Vi meiner at både djupna, utbreiing og kvalitet på myrene er viktig å ha kunnskap om. Det vil vera problematisk å avgrensa eit generelt forbod til myrer djupare enn 30 cm. Dette kan svekka vernet av myr i område der torvlaget er grunt, der myra likevel kan ha høg verdi.

"Hvilke konsekvenser vil det ha at et forbud får virkning for reguleringsplaner vedtatt før forbudet trer i kraft?"

Vi meiner at forslaget om tilbakeverkande kraft for vedtekne reguleringsplanar strir mot formålsparagrafen til plan- og bygningslova § 1-1 om føreseieleg planlegging og vedtak. Tilbakeverkande kraft av lovforslaget vil gjera det dyrare for utbygarar som må gjennom planendringar. Det kan også føra til fleire dispensasjonssaker og auka ressursbruk i kommunane. Når ein plan er eldre enn ti år skal kommunen som planmynde vurdere om den er mogleg å bygga etter, og i tråd med nasjonale forventingar. Kommunane har då høve til å fanga opp planar som legg opp til nedbygging av myr. Generelt kan dette på ein god måte ivaretakast gjennom kommuneplanens arealdel etter heilskaplege kunnskapsbaserte analysar.